

Til kommunestyret i Sel kommune

Høyringsuttale på budsjett og økonomiplan for Sel Kommune 2024 -2027.

Vi les i Formannskapet si innstilling til budsjett og økonomiplan for 2024 – 2027 at kommunen beskriv ulike tiltak knytt til organisering, aktivitet, bemanning og innkjøp for å klare å halde den tildelte budsjettramma. Til nå har Heidal skule vore ein skule full av gode klassemiljø, gode læringsmiljø og gode faglege prestasjonar. Tiltaka som er beskrive gjer at alt dette ikkje vil kunne oppretthaldast. Dette ser vi, som elevråd ved Heidal skule, alvorleg på.

Med den tildelte budsjettramma vil ein ikkje kunne drive skulen som vanleg. Da får vi korkje leirskule på Balestrand eller buss til fjellturar, skidagar og utfluktar. Leirskule er noko som alle ser fram til. Allereie frå dagen vi startar på skulen høyrer vi om turane til Balestrand i 7. klasse og Glitterheim i 9. klasse. Dette er noko vi gleder oss til gjennom heile skulegangen og det er med på å motivere oss elevane. Vi som har vore med på desse turane kan si at dei var særsviktige for klassemiljøet og at dei gjorde oss i klassa mykje betre kjend. Vi lærte mykje nyttig på desse turane. I tillegg var det mange fine opplevingar og augeblikk som vi ikkje kjem til å gløyme.

Vi leser også i tiltaka at lisensar på læringsressursar skal seiast opp og at innkjøp av lærebøker vil vere på eit minimum. Dette går utover både oss elevane og lærarane våre. Vi fortunar å ha eit godt læringstilbod med oppdaterte læringsressursar. Utan Skolestudio, Campus Inkrement og oppdaterte lærebøker, må vi bruke dei gamle lærebøkene som er utdaterte og som ikkje har god nok informasjon.

Kommunen skal også seie opp avtala med Heidal IL angåande leie av idrettsplassen. Dette øydelegg for oss elevane. Vi gjennomfører kroppsøving der kvar veke om hausten, våren og sommaren. Det er ein god arena for oss. Skulegarden vår er asfaltert og egnar seg dermed ikkje til all aktivitet. Vi ser på tapet av idrettsplassen som ei nedbygging av kroppsøvingsundervisninga.

Eit anna tiltak som blir beskrive er fådeling ved Heidal skule. Nokre av oss i elevrådet har erfaring med å vere fådelte, vi har vore samanslått med andre alderstrinn, og vi sit att med at dette ikkje fungerte godt. Det vart vanskeleg å lære noko både for dei som var yngst og dei som var eldst. Dette på grunn av at det var store forskjellar sosialt og fagleg på oss elvane. To elevar i ei fådelt klasse kan ha ein aldersforskjell på nesten to år. Da blir det store forskjellar. Dette er utfordrande og kan øydeleggje gode klasse- og læringsmiljø. Det har nokre av oss fått erfare. Fådeling er ikkje elevens beste. Dette må vi unngå på Heidal skule.

Sel kommune treng å satse på oss, ungdommen, fordi det er vi som er framtidia! Desse tiltaka for å spare pengar kjem til å bygge ned den gode skulen vår. Til slutt vil den bli nedlagt, da det ikkje lenger vil vere ein god skule. Vi ynskjer oss ei attraktiv bygd med ein skule som står sterkt. Ein god skule i nærmiljøet vårt.

Tenk dykk godt om - ikkje bygg ned den gode skulen vår. Sats på oss, for det er vi som er framtidia til Heidal.

Helsing

Elevrådet ved Heidal skule

Heidal, 06.12.23